

II NORGE SVASSORAGS- OG
ENREGDREKTORAN,
KONSULENSAVDELINGEN,
POSTBOKS 8081 MAURSHUEN

FRÅ: ULVA EIVEGARLAG

SEN:

ANSVARLIG KUARDAN
HÖRSJUNAND

SEN:

DYKKA: REF: 201809420-17

VÅR REF: KUARDAN
HÖRSJUNAND

DATO: 19.11.21

Uttale til revisjonsdokument for Ulla - frå Ulla Eivegarlag

Me viser til NM's høyringsbrev av 05.08.2021 om offentlig høyring av Statkraft sitt revisjonsdokument juni 2021. Høyringsfristen er sett til 01.12.21. Vår høyringsuttale er avgitt innan godkjent høyringsfrist.

Ulla Eivegarlag representerer grunneigarar langs Ulla. Eivegarlaget har som føremål å bidra til ei berekraftig forvaltning av vassdraget, og vareta grunneigarane sine interesser i fleite.

1. Bakgrunn

Konsesjonsvilkåra i Ulla-Eiverrutbygginga skal nå reviderast. Statkraft har utarbeidd eit revisjonsdokument som nå er på høyring. Følgjande konsesjonar gjeld:

- Kgl. res. av 13.9.1974. Statsregulering for utbygging av Ulla-Eiverrassdragene m.m.

2. Ulla Eivegarlag si vurdering

Statkraft har bestilt ein biologisk rapport frå Rådgivende Biologer (RB 2699) som understøttar Ulla Eivegarlag (UE) si vurdering om eit del må innførast minstevassføring i vassdraget. RB skriv eit «Lite vannøkt areal i vekstsesongen og innføring av gytegrøper om vinteren er dei to viktigste hydrologiske tiltaka som kan gjerast i vassdraget. Begge deler skyldes sterkt redusert vannføring som følgje av regulering». Rapporten inneheld ei god framstilling av dei hydrologiske endringane som følgje av reguleringa, og del er også gjort berekningar av vannøkt areal på ulike vannføringer. Rapporten framgår del også at ei eventuell minstevassføring må avklarast før ein utfører andre aktuelle tiltak. I sitt revisjonsdokument opererer også Statkraft med ei vassføring på 0,6 m³/s om vinteren og 1,2 m³/s om sommaren, noko som av ukjent årsak ikkje er tatt med i rapporten.

Etter UE si vurdering bør eit krav om minstevassføring i Ulla stå sterkt i ei revisjonsbehandlig. Rapporten til Rådgivende Biologer underbyggjer heilt klart at låge vassføringar er ein flaskehals for fiskebestandane i vassdraget.

I tillegg til at Statkraft sin eigen biologiske rapport underbyggjer behovet for ei minstevassføring, ønskjer UE å anføra følgjande argument for dette:

- Ulla er eit betydeleg laksevassdrag trass i storleiken og tidvis låge vassføring. Ei minstevassføring vil vera eit viktig tiltak for å sikra bestandane av laks og sjøaure i vassdraget, og ein kan forvente at vassdraget har eit større potensial enn det har i dag, viss ein kan auke oppvekstarealet med aukt vassføring.
- Sjølv om bestanden har klart seg bra ved lågare vassføring tidlegare, så er det ikkje gitt at dette vil vera tilfellet framover med dei forventa klimaendringane. Dei siste åra har vist oss at me kan forvente periodar med tørrare og varmere vær, noko som kan bli kritisk for laksen i små vassdrag.
- Bestanden har hatt eit godt innslag av storlaks. Dei største fiskane vil nok vera ekstra sårbare for låge vassføringar, og aukt vassføring vil vera viktig for å ta vare på storlaksen.
- Nivået for minstevassføring bør kanskje utgreiast nærare, slik RB tilrår i sin rapport, men som eit føre-var-prinsipp vil UE tilrå at ein minst innfører ei vassføring som tilsvarer Q95 og standard miljøkrav.
- Nivået for vassføring treng strengt tatt ikkje å vera statiske minstevassføringar. Det kan gjerne vera vassføringar som følgjer naturlege svingningar i tilsig (miljøbasert vassføring). Etter det UE forstår, har NVE tradisjonelt vore tilhengjar av statiske nivå for minstevassføring sidan desse er enklare å følgja og å føre tilsyn med, men fisken og det øvrige livet i elva er tilpassa et vassføringsregime som varierer naturleg gjennom sesongen. Det viktige for UE og for Ulla, er at forholda er tilstrekkelege for å ivareta alle dei ulike livsstadiene for laks og sjøaure.
- Når det gjeld Statkraft sitt argument om at bestandsstatus er særskild god, så er det viktig å tenkja på at dette er i forhold til dagens situasjon. Oppnåing av gytebestandsmål og haustingspotensiale blir vurdert ut frå storleiken på fiskebestanden jamført med vassdragets storleik (elveareal), som jo er betydeleg mindre i dag enn før reguleringa. Ein vil her heilt klart forvente at ei større vassføring, og dermed aukt vassdekt areal, med stor sannsynlegheit vil føre til større tilgang til leveområde for ungfisk og dermed ein større fiskebestand. Det synest derfor underleg og ulogisk at ein god bestandstilstand skal brukast som argument mot minstevassføring i vassdraget. For øvrig er bestandstilstand sterkt avhengig av sjøoverlevinga til laks, som har vore betre for laksen i Ryfylkeelvane enn mange andre regionar på Vestlandet. Dersom sjøoverlevinga blir redusert, for eksempel som følgje av ugunstige forhold i havet eller aukt smittepress av lakselus i fjordsystemet (som ein dessverre må forvente framover) så kan bestandssituasjonen endra seg fort. For øvrig er jo bestandssituasjonen for sjøaure langt dårlegare enn for laks, utan at dette blir tillagt vekt i Statkraft si vurdering.
- Generelt trivst sjøauren betre i mindre vassdrag enn det laksen gjer, men den er også avhengig av vatn for å leve. Ei høgare vassføring mest sannsynleg gi større tilgang til leveområde som kjem både laksen og sjøauren til nytte.

- UE meiner det må greiast ut korleis eit minstevassutslepp vil påvirka vasstemperaturen. Vatn som blir sleppt frå djupare vasslag frå magasinane har ofte ein høgare temperatur om vinteren, men lågare om sommaren i forhold til det naturlege tilsiget. Dette kan føre til reduserte vekstforhold på den lakseførande strekninga.

3. Konklusjon

UE si vurdering, basert på RB sin rapport, er at ei kvar minstevassføring vil vera ei forbetring i forhold til dagens situasjon. Samstundes er dette vilkår som kan bli ståande for lang tid, og i stor grad bli avgjerande for miljøforholda i vassdraget. UE tilrår derfor, til liks med RB sin rapport, at ein gjer nærare oppmålingar av samanheng mellom vassføring og vassdekt areal, og kva effekt vassføring har på strandinga av gytegroper og habitatforhold for ungfisk. Subsidiært ønskjer UE som eit absolutt minstemål å gå ut frå Q95 (gjerne splitta for sommar- og vinterhalvåret) som standardverdi for berekning av minstevassføring.

Vedlagt følger også vårt innspel frå 2017 i samband med Suldal, Hjelmeland og Bykle sine samla revisjonskrav

Med vennleg helsing



Kjartan Hjorteland
Leiar Ulla Elveigarlag